

# Sak til landsmøte

Norsk Sykepleierforbund  
Generalsekretær  
Tollbugata 22, Postboks 456 , 0104 Oslo

Dato: 25.04.2019

Dokumentnr DM: 1103551

Saksbehandler NSF

Oddgeir Lunde

Sak til LM 2019 fra Roger Andre Vie Hansen/ Sogn og Fjordane – Helse Førde

## *Korleis kan NSF få helseføretaka til å verdsette sjukepleiekompetansen i ambulansetenesta?*

### Hensikt:

NSF skal bidra til at arbeidsgivar verdset sjukepleiarkompetansen i ambulansetenesta

NSF skal bidra til at sjukepleiarar i ambulansen får eigen stillingskode og vert lønna i lønnsgruppe 4 i sjukehusa.

### Bakgrunn for saken:

Ca 1/3 av alle ambulansesarbeidarar tilsett i Helse Førde i dag har i tillegg til ambulanseutdanninga også utdanna seg som sjukepleiarar. Dei fleste av desse har tatt sjukepleiarutdanninga si i etterkant av å ha blitt tilsett i ambulansetenesta. Og mange ambulansepersonell fortsette å utdanne seg til sjukepleiarar på eige initiativ. Så mengda sjukepleiarar i tenesta er aukande.

Kampen om sjukepleiarlønn i ambulansen har på gått heilt sidan helseføretaket overtok drifta av ambulansetenesta 1 april 2005. Leiinga i Helse Førde argumenterer med at dei tilsette i ambulansen er tilsett som ambulansesarbeidarar, ikkje som sjukepleiarar. Det blir også stilt spørsmål til kvifor sjukepleiarar har takka ja til ei ambulansesarbeidarstilling for så å ønske sjukepleiarlønn etterpå, men det at folk utdannar seg til sjukepleiarar i ettertid er altså svaret på dette. Spørsmålet ein heller må stille seg er korleis ser helseføretaket på sjukepleiekompetanse i ambulansetenesta? Har ein sjukepleiar noko i ein ambulanse og gjere? Er sjukepleieutdanninga ei relevant utdanning i forhold til å kunne behandle pasientar i ambulansen? Har helseføretaket allereie gitt svar på dette?

Forskrift om krav til og organisering av kommunal legevaktordning, ambulanseteneste, medisinsk nødmeldetjeneste mv. (akuttmedisinforskrifta)  
Akuttforskrifta opnar opp for at helsepersonell med helseautorisasjon og tilleggskompetanse som ambulansesarbeidarar kan jobbe i ambulansen. Dette omfattar også sjukepleiarar med relevant ambulanseutdanning:

§ 11. Bemanning og helsefaglig kompetanse i ambulansetjenesten

Ambulansebiler som yter ambulansetjenester skal være bemannet med minst to personer, hvorav minst én skal ha autorisasjon som ambulansesarbeider. Der det er bare én ambulansesarbeider, må den andre personen ha



NORSK SYKEPLEIERFORBUND

www.sykepleierforbundet.no  
Org.nr: NO 960 893 506 MVA

*autorisasjon eller lisens som helsepersonell og nødvendig ambulansesfaglig kompetanse. Begge personene skal ha førerkort for kjøretøyklassen og kompetansebevis for førere av utrykningskjøretøy.*

Den nye akutforskrifta vart vedtatt i 2015 og skulle bli gjeldande i 2018. Det vart den også, men helseføretaka fekk dispensasjon frå forskrifta fram til 2022. Men, den vart altså sett i kraft i 2018. Helseføretaket bruker, og forhold seg til forskrifta ved å bruke sjukepleiarar frå AMK Førde til å bemanne opp dagbilen i Førde.

Rekrutteringa av tilsette, vikarar spesielt, blir retta mot sjukepleiarstudentar og ferdig utdanna sjukepleiarar, då dei stetter kravet i akutforskrifta. Personar som ynskjer seg inn i ambulansetenesta, men som ikkje kan gå den vanlege vegen med lærlingtid blir av leiinga i Helse Førde råda til å ta sjukepleieutdanninga først, for så å komme seg inn i ambulansetenesta med vikarkurs. Dette gir eigentleg svar på om helseføretaket ser nytten av ei sjukepleieutdanning i ambulansetenesta.

NSF Troms hadde på sitt fylkesmøte i mars 2019 ei politisk uttale angående sjukepleiekompetanse i ambulansetenesta. I staden for å «finne opp krutet på nytt» så tenker eg, og resten av dei ambulansetilsette sjukepleiarane i NSF Sogn og Fjordane, at NSF Sogn og Fjordane bør stille seg bak denne uttalen. NSF nasjonalt burde sammen med dei andre forbunda samarbeide om å få bachelorutdanna paramedic og bachelorutdanna sjukepleiarar i ambulansetenesta opp i lønnsgruppe 4. I tillegg burde NSF jobbe for å få oppretta ein eigen stillingskode for ambulansesjukepleiarar, slik som det er nemnt i uttalen til NSF Troms.

mvh

Roger Andre Vie Hansen - Stolt ambulansesarbeidar og stolt sjukepleiar

### **NSF sakshandsamars vurdering:**

Det er ynskjeleg at landsmøte bidreg til at arbeidsgjevar verdset sjukepleiekompetansen i ambulansetenesta ved at sjukepleiarar i ambulansen får eigen stillingskode og vert lønna i lønnsgruppe 4 i sjukehusa.

Fylkesstyret i Sogn og Fjordane støttar at denne saka skal opp på landsmøte 2019.

Med grunnlag i dette ynskjer ein å få følgjande tilføyning i NSF sitt Innsatsområde 4 under Lønns og arbeidsvilkår.

- Arbeide for at arbeidsgivarar verdset sjukepleiekompetansen i ambulansetenesta ved at sjukepleiarar i ambulansen får eigen stillingskode og lønn som sjukepleiar.

### **Forslag til vedtak:**

NSF Innsatsområde 4 under Lønns og arbeidsvilkår, vert utvida med fylgjande punkt:

- arbeide for at arbeidsgivarar verdset sjukepleiekompetansen i ambulansetenesta ved at sjukepleiarar i ambulansen får eigen stillingskode og lønna som sjukepleiar.

Med venleg helsing

Oddgeir Lunde (Fylkesleiar)